

Prosjektskildring

Felefylgje i Voss og Hardanger

Hardingfela.no (samarbeidsprosjekt mellom Hardanger og Voss Museum og Ole Bull Akademiet) ynskjer å setje i gang ei større folkemusikalsk satsing på Voss og i Hardanger sumaren 2016. Me planlegg å sende tre unge, lokale folkemusikarar på vegen i til saman to veker gjennom sumaren, der dei syner ei sjølvlagda førestilling rundt om i bygdene. Intensjonen er at me ynskjer å syne fram folkemusikk og folkedans til flest mogeleg, både fastbuande og tilreisande, i Hardanger og Voss i sumarmånadane. Det skal vera høg kvalitet på det som vert spelt og dansa, og attåt ei god lyttaroppleving og sjå flott dans, skal publikum få auka kunnskap om folkemusikk – og folkedanstradisjonane i Voss og Hardanger. Inntil vidare er namnet *Felefylgje* sett som arbeidstittel på prosjektet. Dette vil nok bli forandra til eit meir dekkande namn når prosjektet skal marknadsførast.

Prosjektet er bygd på eit allereie etablert tilbod i Setesdal ved namn Kulturpatrulja, som har gjort stor suksess i lokalsamfunnet. Dette vonar me er marknad for i vårt distrikt også, difor satsar vi i år på å gjennomføre om lag 20-25 konsertar fordelt utover sumaren. Me har til no ein intensjonsavtale med to lokale folkemusikarar, Marta Lindvik som tek seg av det praktiske i tillegg til å spele hardingfele og leie framsyningane, og Åshild S. Ljones som er songar og dansar. Me leitar for tida etter ein tredje person til å vera med i hovudgruppa. Andre dansarar, reservespelemann, kveding m.m. vert hyra inn etter behov. Me ynskjer å nå breitt ut og ser for oss og lage turneplan i løpet av april og mai i dialog med dei lokale turistkontora i dei ulike kommunane.

Me ynskjer med dette prosjektet å skapa arbeidsplassar for våre unge spelemenn, dansarar og kvedarar, og vonar på sikt at me klarar å behalde flest mogeleg av dei i distriktet vårt som miljøskaparar og viktige berarar av ei stolt kulturarv. Dette er også ei god mogelegheit for unge musikarar å kjenne litt på korleis det er å vera turnerande musikar, og me vonar dette vil bli nyttig lærdom for dei involverte som dei kan ta med seg vidare i livet.

Finansiering:

Målet er at konsertane skal vera gratis for publikum, og løn til musikarar vert finansiert ved stønad eller fylgjande: Ein set opp ein pris pr. konsert og samarbeidspartnerane får antal konsertar ut i frå økonomisk bidrag til prosjektet.

Døme på aktuelle spelestader:

- Dei ulike avdelingane til Hardanger og Voss museum
- Mikkelparken
- Ulike festivalar
- Ulike bankar
- Hardangervidda natursenter
- Hotellnæringa